

SIDEMÅL FOR LITEN OG STOR
er hovudtemaet for denne utgåva
av Nynorskopplæring.

KRINGLEBOTN SKOLE i Bergen lèt
borna møte den nynorske skrift-
kulturen frå skulestart. **S. 8**

STAVANGER KATEDRALSKOLE lærer
elevane nynorsk som sidemål i kjemi
og samfunnsfag. **S. 4**

NYNORSKOPPLÆRING

NR. 15 | SOMMAREN 2012 | EIT BLAD FRÅ NASJONALT SENTER FOR NYNORSK I OPPLÆRINGA



Skalletrengselteorien

TEKST: **Torgeir Dimmen**, leiar for Nynorsksenteret FOTO: **Rib & Morits**

SMÅK PÅ FØLGJANDE PÅSTAND, som stadig er å finne i det offentlege ordskiftet om sidemålet sin plass i skulen: «Meir øving i hovudmålet og mindre opplæring i sidemålet gjer elevane flinkare i norsk.» Er det sant?

Svaret er nei. Eg kjenner ikkje til nokon dokumentasjon som støttar ein slik teori. Både internasjonal forskning og våre egne erfaringar frå Nynorsksenteret tyder på at dess tidlegare born byrjar med andre språk, og dess meir variert språkkompetanse dei får, dess flinkare blir dei også i morsmålet. Det å kunne fleire språk eller språkvarianter gir auka bevisstheit om eigen

språkbruk, det gir større uttrykksrepertoar, og det gir betre evne til å ta andre sitt perspektiv.

Grunnskuleelevar i nynorskfylket Sogn og Fjordane toppar karakterstatistikkane frå dei nasjonale prøvene. Det gjeld ikkje berre i norsk, men også i faga matematikk og engelsk. Kan det ha noko med at born frå dette fylket er dei mest tospråklege i landet, og at denne dugleiken indirekte kjem til nytte også i andre fag? Slett ikkje utenkjeleg, ifølgje fagfolk som har forska på fleirspråkkompetanse i ulike kulturar.

Språkevena har ikkje ein avgrensa plass i hjernen som kan bli full. Skallen er ikkje innretta



slik at læring av eit nytt språk eller ein ny språkvariant fortrengrer plassen til dei språka ein alt kan. Det er altså ikkje slik at språka vi har innanbords, kjempar om den same plassen. Tvert om. Dei supplerer kvarandre.

Vi har god tru på at dei som seinare i år skal vedta morgondagens norsklæreplan i skulen, veit at skalletrengselteorien ikkje stemmer. Det som trengst for at born og ungdom i alle delar av landet skal bli flinkare i norsk er ikkje *mindre* sidemålsundervisning, men meir og betre. Gode og gratis døme på korleis dette kan gjerast, finn du i dette bladet og ikkje minst på nettsida vår.

NYNORSKOPPLÆRING NR. 15, SJETTE ÅRGANGEN

BLADSTYRAR: Arild Torvund Olsen
FORMGJEVING: Arild Torvund Olsen
SPRÅKVASK: Aud Søyland
SKRIFTER: Auto og Dolly
PRENTEVERK: EgsetViketrykk AS
FRAMSIDE: Henning Lystad

ISSN: 1890-3975
ISSN FOR NETTUTGÅVA: 1891-1633

Nynorsksenteret (Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa) er eit ressursenter for nynorsk i grunnopplæringa. Senteret legg vekt på å utvikle metodar og arbeidsmåtar som kan skape språkkompetanse og motivasjon.

NYNORSKOPPLÆRING vert utgjeve av Nynorsksenteret, og kjem med tre nummer i året. Send eit e-brev til ror@hivolda.no for å få bladet gratis i posten. Hugs å sende med namnet og adressa di!

Nasjonalt senter for nynorsk i opplæringa
Høgskulen i Volda
Postboks 500
6101 Volda
www.nynorsksenteret.no



På nettstaden til Nynorsksenteret kan de no finne aktivitetsark de kan nytte til leik og læring i barnehagen.

Aktivitetsark for born


TEKST: **Liv Kristin Bjørlykke Øvereng** TEIKNING: **Martine Grande**

www.nynorsksenteret.no/aktivitetsark

PÅ SIDA *Nynorsk for dei minste* finn de rim-kort, fargeleggingsark og biletlotto. Aktivitetsarka er knytte til teikningar og figurar borna møter på nettstaden berteogiver.no.

Rimkorta er laga slik at borna kan finne rim-par. Korta har fargekode, noko som gjer det

enklare for mindre born å delta i aktiviteten. På biletlottoen finn de teikningar og ord, slik at borna kan knyte saman ord og bilete. I tillegg finn de fargeleggingsark der borna kan fargelegge og skrive bokstavar til teikninga.



FRAMSIDEBILETET til dette nummeret av bladet *Nynorskopplæring* er laga for oss av Henning Lystad. Han har mellom anna illustrert mange av bøkene i Komet-serien til Samlaget.

Du kan lesa eit intervju med Henning Lystad på side 13 her i bladet.



Innhald

Skalletrengselteorien av Torgeir Dimmen	S. 2
Aktivitetsark for born av Liv Kristin Bjørlykke Øvereng	S. 3
Nynorsk som fagspråk av Ingrid Slettevoll	S. 4
Øving gjer meister! av Ingrid Slettevoll	S. 6
Lyden av språket av Irene Garnes Hareide	S. 8
Nynorsk litteratur? Ja, takk! av Hjalmar Eiksund	S. 10
Steinodd + Astrid = sant av Marit Wadsten	S. 12
Å fortelje med bilete av Irene Garnes Hareide	S. 13
Boktips: Med eld i hjartet	S. 14
Boktips: Kompisen er for liten	S. 14
Platetips: Eg vandrar langs kaiane	S. 14
Vesidetips: Framtida.no av Arild Torvund Olsen	S. 14

Har du tips til stoff til bladet?
Send det på e-post til ato@hivolda.no.

Språk lærer ein best ved å ta det i bruk i ulike samanhengar. Kva med å lære nynorsk som sidemål ved å bruke det i andre fag enn norsk? Dette er utgangspunktet for eit utviklingsprosjekt ved Stavanger katedralskole.

Nynorsk som fagspråk

TEKST: **Ingrid Slettevoll** FOTO: *Ashjørn Aarflot*



BENTE S. SKARTVEIT, som har hatt ansvar for prosjektet ved skulen, har nytta lærebøker på nynorsk i samfunnsfag for Vg1. I tillegg har Asbjørn Aarflot vore lærar for Vg3 med lærebøker på nynorsk i kjemi 2 og Knut Lekvam for Vg2 med lærebøker på nynorsk i kjemi 1.

Kvart fag er definert av sine eigne fagomgrep og sjangrar. Sidan samfunnsfag og kjemi har få felles språklege kjenneteikn, har det så langt ikkje vore naturleg å samarbeide så mykje om opplegget på tvers av desse faga. Men Bente S. Skartveit, som underviser både i norsk og samfunnsfag i same klassen, seier at ho ser at det er lett å trekkje vekslar på tekstarbeidet elevane gjer i samfunnsfag, når dei i norskfaget skal skrive på nynorsk. Ord og vendingar som dei har vore borti i samfunnsfag, får dei no bruk for når dei skriv i norsk. Og fleire av elevane skriv jamvel nynorsk «av seg sjølv» når dei tek notat eller har skriveøvingar i norsk.

Å lære fagomgrep

Det er avgjerande for elevar som skal lære nynorsk, at dei får møte skriftlege tekstar som gjer dei fortrulege med nynorsk som eit jamstelt bruksspråk som duger. Ein læreboktekst er ein sjanger som skal gjere elevane i stand til å kunne dra slutningar og reflektere innanfor eit fagfelt. Difor bør sjangeren nyttast medvite som tekstgrunnlag når dei skal lære fagomgrep.

På Stavanger katedralskole bruker dei lærebokteksten i samfunnsfag for å tileigne seg eit breitt ordforråd i faget. Nokre gonger les elevane heile teksten på eiga hand heime, jobbar med repetisjonsoppgåver i boka og tek notat på nynorsk. I andre læringssituasjonar er samarbeids- læring ein svært motiverande metode der elevane lærer ved å dele erfaringar og kunnskapar med kvarandre på ulike måtar. Etter eit seminar i regi av Nynorsksenteret med Toril Sjø frå UiO som

– I norsk lærer vi berre det formelle, her bruker vi det. Og det er effektivt; vi lærer nynorsk og fagstoff samstundes!

Tonje Fjågesund (elev ved Stavanger katedralskole)

kursleiar vart lærarane inspirerte til å utforske korleis elevane kan lære til dømes ved gjensidig undervisning av kvarandre eller ved å formulere spørsmål til teksten parvis.

Å lære fagomgrep i samfunnsfagklassen til Bente S. Skartveit er ofte ein prosess der elevane plukkar ut fagomgrep og deretter deler dei med kvarandre i ein felles «omgrepsbank». Desse omgrepa har dei så utforska og jobba med i to- eller trekolonneskjema.

Grunnleggjande ferdigheiter i faget

Ved Stavanger katedralskole har læreboka på nynorsk vore nyttig for å kunne styrkje elevane sin kompetanse i nynorsk og i tillegg gi elevane høve til å utvikle munnlege og skriftlege grunnleggjande ferdigheiter i faget. Når elevane les og samarbeider om lærebokteksten, er både skriftlege og munnlege ferdigheiter integrerte. Elevane har skrive fagtekstar der dei har drøfta påstandar, og dei har hatt munnlege foredrag for klassen der PowerPoint-presentasjonane har vore skrivne på nynorsk.

Erfaringar

Skartveit fortel at ho som lærar har vorte mykje meir klar over kor viktig det er å arbeide med fagtekst på ein systematisk måte, og ho trur at elevane dermed har fått gode strategiar dei kan ta i bruk i andre fag òg. Nokre av elevane meiner ein bør begynne med nynorsk tidlegare enn det ein gjer i norsk skule i dag. Dette kan tyde på at dei ser fordelene av å bruke nynorsk i staden for berre å pugge grammatikken i ungdomsskulen.

– Eg ser at elevane har fått eit mykje meir naturleg forhold til nynorsk, seier Bente S. Skartveit.

– Spørsmål om kva ord betyr, blir stadig færre, så eg trur at ordforrådet deira i nynorsk er blitt utvida, og at dei meir eller mindre medvite har plukka opp ein del nynorske vendingar og formuleringar.

Kva meiner elevane?

Kva synest så elevane om denne måten å lære sidemålet sitt på? Svara frå eit utval av elevane i Vg1 ved Stavanger katedralskole er tydeleg tale om kva som er god sidemålsopplæring i nynorsk:

VETLE ØKLAND: Eg synest det er ein grei måte å lære på. Eg tenkjer ikkje over at eg lærer på nynorsk, men så lærer eg jo mange ord likevel. Det er bra. Og så hugsar eg fagomgrepa betre når eg først må lære dei på nynorsk.

JON ERIK NESSE: Når ein lærer i berre eitt fag, som norsk, lærer du jo ikkje så mange ord som no. Ein lærer ikkje så mykje av berre å få grammatikkundervisning på tavla. Nynorsken blir ikkje fullt så teoretisk no. Eg har lært masse fagomgrep. Eg får eit meir bevisst forhold til fagomgrepa. Dessutan må eg bruke dei munnleg, og det er bra. Når me har lese dei i læreboka, må me bruke dei når me diskuterer fagstoffet i klassen etterpå.

TONJE FJÅGESUND: Det er bra. Det er praktisk bruk av nynorsk. I norsk lærer vi berre det formelle, her bruker vi det. Og det er effektivt; vi lærer nynorsk og fagstoff samstundes!

I juni har Språkrådet klart eit heilt nytt nynorskkurs som erstattar det gamle kurset på nettsidene deira. Ved hjelp av interaktive øvingsoppgåver i nynorsk grammatikk og rettskriving kan ein elev som er nybyrjar i nynorsk, arbeide seg opp til å bli lærling og deretter meister i nynorsk.

Øving gjer meister!

TEKST: **Ingrid Slettevoll**

RAGNHILD ÅS i Språkrådet er prosjektleiar for arbeidet med det nye kurset. Ho fortel at målgruppa for kurset er elevar i den vidaregåande skulen, både dei som har nynorsk og dei som har bokmål som hovudmål. Ein viktig del av kurset er eit øvingsrom med interaktive oppgåver der elevane kan velje øvingar ut frå kor lang tid dei har til rådvelde, kva dei treng å øve på, og ut frå vanskegrad. Det er utfyllingsoppgåver, quiz-oppgåver og omsetjingsoppgåver. Ein nynorsk minigrammatikk på sida gir svar dersom ein står fast på noko. Grammatikken og øvingsoppgåvene er sjølvstøtt oppdaterte i tråd med den nye nynorsknormalen.

Skreddarsydd øvingar

Elevane kan gjere skreddarsydd øvingsrekkjer der dei får testa kunnskapane sine i ulike grammatiske tema, og det blir mogleg å dele øvingsrekkjene på e-post og Facebook.

*Elevane kan gjere
skreddarsydd øvingsrekkjer
der dei får testa kunnskapane
sine i ulike grammatiske
tema, og det blir mogleg å
dele øvingsrekkjene på
e-post og Facebook.*

Aktuelle ressursar

Det nye nynorskkurset finn du ved å gå på nettsidene til Språkrådet:
www.sprakradet.no / www.spraakradet.no

– Vi har lagt stor vekt på at elevane skal få tilbakemelding der og då på kva som er rett og gale, og dei skal få tilbakemelding på kva dei bør øve meir på. På den måten får elevane større medvit om eiga læring, og dei kan velje øvingsrekkjer alt etter kvar skoen trykkjer, seier Ragnhild Ås.

Vegvisar

Ein blir ingen meister i nynorsk berre av å fylle ut riktige bøyingsendingar. Difor inneheld kurset også tekstar med fakta om nynorsken i dag, det inneheld tips til korleis ein blir god i nynorsk, og det inneheld ei oversikt med ofte stilte spørsmål om nynorsk.

– I tillegg har vi samla lenkjer til andre læringsressursar om og på nynorsk, og denne lenkesamlinga er først og fremst retta mot læraren. Her har vi sjølvstøtt også teke med lenkjer til ressursane til Nynorsksenteret, understrekar Ragnhild Ås.

Språkrådet har i tillegg laga eit interaktivt øvingsrom med oppgåver i nynorsk grammatikk og rettskriving retta mot offentleg tilsette.

– Dei skal meistre begge målformene i arbeidet sitt, og desse øvingsoppgåvene tek utgangspunkt i ord og omgrep som er relevante for denne målgruppa, avsluttar Ragnhild Ås.



www.nynorsksenteret.no/teikneseriar/123nynorsk.html

– EIT NYNORSKKURS I TEIKNESERIEFORM

Henny Haatuft jobbar som lærar ved Kringlebotn skole i Bergen kommune. Her er opplæringsspråket bokmål, men elevane i andreklassa til Henny har fått møte nynorsk allereie frå skulestart. Gjennom høgtlesing, songar og dikt får elevane positive møte med den nynorske skriftkulturen.

Lyden av språket

TEKST: **Trene Garnes Hareide** FOTO: **Trene Garnes Hareide**



EG MØTER HENNY ein tidleg måndagsmorgon på Kringlebotn skole. Klokka er kvart over åtte, og lærarane på skulen susar rundt for å gjere det som gjerast må før første time. Henny tek det med ro, og vi rekk ein liten prat i klasserommet før skuleklokka ringjer.

– Her ute i Fana har vi jo ein dialekt som har element både frå nynorsk og bokmål, og mange av elevane har tilknytning til stader der nynorsken står sterkt. Eg synest det er viktig å gjere elevane bevisste på dei to skriftspråka så tidleg som mogleg, forklarar ho.

Det ringjer inn, og Henny tek turen ut i garderoben for å lose alle elevane ut av regnkleda og vidare inn i klasserommet. Elevane finn plassane sine på benkene som dannar ein halv-sirkel framfor tavla. Det er norsktime, og den startar med ei songstund med nynorske songar. Dei syng «Bestevenn» av Odd Nordstoga, og så eit par stev og folketonar. Dette er songar dei kan – og likar. Det er slik Henny jobbar. Ho let elevane få nokre små drypp. Ho inkluderer nynorsk nærast ved å snike språket inn i undervisninga.

– Eg trur det er viktig at ein gjer det litt enkelt dersom ein vil ta i bruk nynorsk på ein skule som har bokmål som hovudmål. Det gjeld å bruke tekstar som treffer barna, og ein kan gjerne kople dei til tema som ein elles jobbar med.

Kulturarven

Då norsktimen er over, tek vi ein prat på lærarrommet. Eg lurar på kvifor Henny er så oppteken av at elevane skal få høyre nynorsk. Ho fortel at det handlar om å gi elevane gode kulturopplevingar og å føre vidare ein kulturarv som ho sjølv har opplevd som ei kjelde til glede.

– Då eg var barn, brukte foreldra mine å lese, både for meg og bror min, og for kvarandre. Det var tekstar både på nynorsk og bokmål, og eg hugsar godt at dei deklamerte dikt for oss. Dei

– Det gjeld å bruke tekstar som treffer barna, og ein kan gjerne kople dei til tema som ein elles jobbar med.

formidla si begeistring for litteraturen vidare, og eg vart sjølv glad i desse tekstane. No er eg redd for at denne kulturarven skal gå tapt, og eg vil gi elevane mine noko av det som eg sjølv har hatt slik glede av, seier ho.

Henny fortel at ho vart inspirert til å bruke nynorske tekstar etter å ha sett filmar som Nynorsksenteret har laga om eit prosjekt ved Våland skole i Stavanger. Her brukar dei tekstar frå *Haugtussa* av Arne Garborg, og Henny har planlagt å setje i gang med eit liknande prosjekt frå hausten av. Ho vart imponert over korleis læraren Lise Lunde Nilsen fekk elevane til både å oppleve og forstå tekstar som mange kanskje tenkjer er for vanskelege for elevar i småskulen.

Den gode stemninga

Hennar klasse har denne hausten hatt høgtlesing frå boka *Vaffelhjarte* av Maria Parr. Dei las boka parallelt med at tv-serien gjekk på Barne-tv, noko som etter Henny sitt syn forsterka opplevinga.

– Eg trur det er positivt for elevane å få tekstar inn gjennom fleire kanalar samstundes. Det å bruke musikk eller film i kombinasjon med tekstar er berre ein fordel, meiner ho. Og både elevane og Henny likte å lese *Vaffelhjarte*.

– Boka tek fram dei store kjenslene på alle plan. Det er både humor og alvor, og boka er givande for både vaksne og barn. Dette er eit godt utgangspunkt for høgtlesing: – Eg trur elevane merkar at eg er begeistra, og at dette smittar over. Dessutan meiner eg at ein må ha god kjennskap til ei bok for å kunne formidle henne på ein god måte. Høgtlesing handlar ikkje berre om å lese, men like mykje om å formidle stemningar i teksten, og om å skape ein god atmosfære i lesestundene, seier ho.

Ein eigen melodi

Nynorskopplæring er for Henny noko mykje meir enn grammatikk og sterke verb. Det handlar om å formidle ein kulturarv med tekstar som treffer barna. Det handlar om å gi dei gode opplevingar når dei lyttar til lyden av det nynorske skriftspråket. Med ein slik tankegang kan ein opne for at elevane tidleg får positive haldningar til nynorsk. Ein av elevane til Henny kommenterte ein gong i første klasse at han syntest det var så fin melodi i nynorsk. Og kva er vel eit betre utgangspunkt for sidemålsopplæringa enn det?

Aktuelle ressursar

- Nynorske barnebøker: www.nynorskbook.no
- Nynorske songar: www.nynorsksenteret.no/musikk/
- Prosjektet ved Våland skole: www.nynorsksenteret.no/haugtussa/



Elevane ved Åssiden videregående skole er blant dei som trivst best på skolen av alle vidaregåandelevane i heile Buskerud. Det er det fleire grunnar til. Ein av dei er engasjerte lærarar. Karianne Falck-Ytter underviser i norsk og har lesing av nynorsk litteratur som hjartebarn.

Nynorsk litteratur? Ja, takk!

TEKST: **Hjalmar Eiksund** FOTO: **Caroline Enevoldsen**

ÅSSIDEN ER EIN stor yrkesskole med sju yrkesfaglege utdanningsprogram. Dei fleste elevane går løpet ut og blir lærlingar i faget sitt, medan dei som ønskjer generell studiekompetanse, har høve til eit allmennfagleg påbyggingskurs som tredje skoleår. Men med ønsket om studiekompetanse kjem kravet om meistring av sidemålet. For elevane i Drammen er dette gjerne første møtet dei har med nynorsk sidan ungdomsskolen. For dei er nynorsk nærmast eit usynleg språk i kvardagen.

Norsk lærar Karianne Falck-Ytter er bevisst på utfordringane. Elevane har svært ulikt forhold til norskfaget når dei tek til på påbyggingskurset.

– Dei som meistrar det, er naturleg nok mest motiverte, men dei færreste påbyggingselevane har noko forhold til nynorsk.

Prosjektmidler frå Nynorsksenteret

Med bakgrunn i denne erkjenninga har ho saman med andre lærarar ved Åssiden fått prosjektmidler frå Nynorsksenteret. Skolen er ein av fleire bokmålsskolar som siste åra har prøvd ut alternative måtar å jobbe med nynorsk som sidemål. Eitt av hovudpoenga har vore å revitalisere undervisninga innanfor dagens læreplan. Stikkordet har vore nynorske lesestunder, det har altså ikkje vore snakk om eit nytt sidemålsprosjekt med fritak frå vurdering.

– Prosjektet har hatt både kortsiktige og langsiktige mål. Den umiddelbare nytten for elevane har vore å lykkast med sidemål som fag via lesestunder, skrivetrening og grammatikkundervising. Lesestundene har børsta støv av nynorsken og synleggjort målforma for elevane.

På lengre sikt er målet at lesestundene skal bidra til at elevane blir komfortable med å lese all norsk tekst dei har behov for, uavhengig av målform.

Og fleire har blitt glade i å lese nynorsk litteratur. Karianne Falck-Ytter opplever at det er lett å formidle kor viktig det er å kunne lese noko på nynorsk. Sjølv om mange kanskje finn det litt utfordrande i starten, går det seg til straks dei finn ei bok som fengjer.

– Eg får klump i halsen når Åssiden-elevane opplever eller gjenopplever leseglede på grunn av dei nynorske lesestundene våre, seier ho.

Leseprojekt opnar dører

Nynorsksenteret har i fleire år gjennomført ulike former for leseprosjekt, der bruken av nynorsk litteratur har vore ein av berebjelkane i arbeidet med dei grunnleggjande ferdigheitene i lesing og skriving. Bruken av nynorsk litteratur kan brukast både kontrastivt – for å setje lys på ulikskapane og dermed auke elevane sitt medvit om kva som skil nynorsk og bokmål frå kvarandre, og som rein lesemotivasjon.

For elevane ved Åssiden har dei nynorske lesestundene absolutt opna nye litterære dører. Som ein elev skreiv: «Lesestundene har påvirket leselysten min ekstremt. Før syntes jeg det var kjedelig å sette meg ned og lese, men nå leser jeg mer enn vanlig. [...] jeg er blitt en ivrig leser.»

Og les ein nynorsk litteratur, er ikkje nynorsk eit usynleg språk lenger.

Aktuelle ressursar

www.nynorskbok.no gir deg oversikt over ny nynorsk litteratur for barn og unge. Dei nyaste tipsa ligg kronologisk på framsida, medan du via menyen kan finne bøkene sorterte etter sjanger og aldersgruppe.

Visste du at Steinodd Folkestad vart fødd i Bø i Telemark i 1340, at han overlevde svartedauden, og at han vart stamfar til mange i Bø og bygdene ikring Bø? Det visste nok ikkje så mange av elevane ved Bø ungdomsskule heller før dei var med på oppsetjinga av musikalen *Steinodd + Astrid = sant*.

Steinodd + Astrid = sant

TEKST: **Marit Wadsten** ILLUSTRASJON: **Kim Holm**

MUSIKALEN ER DEL av eit treårig utviklingsprosjekt ved Bø ungdomsskule. Målet med prosjektet er mellom anna å gjere elevane betre kjende med lokal historie, stadnamn og segner, med dialekt som identitetsberar. Slik ønskjer ein å skape positive haldningar til både dialekt og nynorsk og vidare til å utvikle god kompetanse i å uttrykke seg skriftleg på nynorsk. Eit mål med prosjektet er nemleg også at fleire elevar skal velje nynorsk som hovudmål ved overgangen frå barneskule til ungdomsskule.

Hovudmålsprosenten


Skuleåret 2002/2003 hadde 81 % av elevane ved Bø ungdomsskule nynorsk som hovudmål. Sidan då har talet gått dramatisk nedover, og i 2010/2011 var talet nede i 31 %. For skuleåret 2011/2012 er det ein oppgang til 36 %. Rektor John Anton Graff seier at bokmålet har ete seg frå Grenland oppover mot Bø og vidare til Vest-Telemark dei siste åra. Fleire unge i Bø snakkar no bokmål. At tilbakegangen for nynorsk som hovudmål no har stoppa opp og er noko reversert, er gledeleg, men om dette er tilfeldig, eller om det er eit resultat av FoU-prosjektet og ein del skriving i lokalpressa, er ikkje så lett å seie noko om, meiner Graff.

Prosjektleiaren Anne Theie fortel at Bø er ei bygd som er rik på tradisjonar, og at dei hadde mykje stoff å ta av. Utfordringa vart å plukke

ut det som det kunne vere interessant å fordjupe seg i. Lokalhistoriske bøker, kultursoger, ulike nettstader og kontakt med museum og høgskulen i bygda var med på å gje gode idear til manuset. Dei ønskte å knyte fortid og notid saman ved å ta utgangspunkt i namn på personar, stader og vegar som er kjende i vår tid, men som har historisk opphav. På den måten håpte dei å skape undring og interesse blant elevane, ved at dei byrja å spørje: Kva er historia bak dette namnet, eller korleis er segna bak denne staden? Ei av grendene i Bø heiter Folkestad, og mange har dette som etternamn. I bustadfeltet Folkestad er det vegar med namna Steinoddsveg og Eilefsveg. Eilef var namnet på sonen til Steinodd, og på den måten kom den gamle historia nær på dagens elevar.

Etter å ha vore med på oppsetjinga av musikalen veit alle elevane ved Bø ungdomsskule no kven Steinodd Folkestad var, dei kjenner til segna om Gygestolen, og tek dei seg ein tur på Lifjell, hugsar dei kanskje historia om Øystein-natten, Astridnatten og Jøronnatten.

Prosjektleiinga ved skulen vonar at bruken av dialekt og nynorsk har gjort dei meir bevisste på språket, og at musikalen har vore med på å styrkje den språklege og kulturelle identiteten til elevane.



Henning Lystad har illustrert framsida til dette nummeret av *Nynorskopplæring*, og dei siste åra har han illustrert fleire lettlesbøker på nynorsk.

Å fortelje med bilete

TEKST: **Trene Garnes Hareide** ILLUSTRASJON: **Henning Lystad** (frå *Dronninga*)

– **LETTLESBØKER STILLER VISSE KRAV** til illustrasjonen, forklarer Lystad. – I denne sjangeren skal illustrasjonane hjelpe forståinga av teksten og gi lesaren lyst til å lese.

Lystad har illustrert sju ulike bøker i lettlesserien Komet, som har bøker retta mot barn i aldersgruppene 6–8 år, 8–10 år, 10–12 år og 13 år+. For Lystad er det viktig å gi lesarane ei historie gjennom bileta.

– Bileta må vere meiningsberande, og eg tenkjer at ein skal kunne forstå heile historia ved berre å sjå på bileta. I mange biletbøker finn vi illustrasjonar som fortolkar og forsterkar ei stemning i teksten, men for meg er det viktigare å skape personar, handlingar og miljø som er gjenkjennelege. Illustrasjonane må vere konkrete for å støtte lesaren si forståing.

Lyst til å lese

Men konkret er ikkje det same som fargelaust og keisamt. Henning Lystad er oppteken av at illustrasjonane skal skape leselyst. Dei må vere tøffe. Dei må ha sitt eige uttrykk. Lystad fortel at han er inspirert av teikneseriar, og mellom andre teikneserieskaparen Hergé, som er kjend for serien Tintin.

– Hergé skaper forenkla menneskefigurar som er i ei truverdig verd. Når omgjevnadene er truverdige, kan vi akseptere at figurane er forenkla, forklarer Lystad. Dette verkemiddelet,



kontrasten mellom det detaljerte og stiliserte, nyttar han sjølv, mellom anna i boka *På rømmen* i New York, som var den første lettlesboka han illustrerte.

– Scott McCloud har skrive mykje bra om dette i boka *Understanding comics*, ei bok eg anbefaler for alle med interesse for illustrasjon, seier Lystad.

Lystad synest at det er eit privilegium å få illustrere tekstar.

– Eg gir liv til personane forfattarane skriv om, og eg føler at eg har fridom til å vere medskapande. Samstundes har eg stor respekt for at dette er åndsverket til forfattaren. Eg prøver å skape tydelege figurar med utgangspunkt i teksten.

Boktips



Asbjørn Rydland
Med eld i hjartet

Samlaget
2011

I 2010 DEBUTERTE Asbjørn Rydland med boka *Drakeguten*. Oppfølgjaren, *Med eld i hjartet*, fekk i vår Nynorsk barnelitteraturpris. I den boka vert hovudpersonen Koll på ny tvinga til å utforska og ta i bruk drakeelden og kreftene frå Nordavinden, krefter som fører både godt og vondt med seg.

Rydland skriv godt og poetisk. Forteljinga har eit enormt driv i seg, og miljøskildringane skaper eit stort og truverdig univers. Det at Rydland har arbeidd lenge med dette universet i rollespelsamheng, gjer at det finst ein godt utvikla mytologi, historikk og geografi bak forteljinga.

«Kor byen eigentleg stamma frå, var det ingen som visste, hadde far hans fortalt for lenge sidan. Då tåka fløynde over verda for ein halv mannsalder sidan og kasta om på både land og menneskeliv, dukka det som no var kjernen i Vilka fjord opp ved utløpet av Innhavet.»

Me skjønar at fiksjonsuniverset til Rydland er større enn berre det som er med i denne forteljinga. På det viset vert dialogane og miljøet meir levande, og me trur på det universet han skildrar.

Platetips



Annjo K. Greenall
Eg vandrar langs kaiane

2012

ANNJO K. GREENALL er professor i engelsk ved NTNU, der ho mellom anna forskar på omsetjing. I tillegg er ho jazzvokalist. No har ho sett omsetjingsteoriane ut i praksis ved å omsetja Billie Holiday-låtar til nynorsk. Med seg på plata har ho eit stjernelag av norske jazzmusikarar: Bjørn Alterhaug (bass), Ernst Wiggo Sandbakk (trommer), Kåre Kolve (saxofon) og Vigleik Storaas (piano). *Eg vandrar langs kaiane* har vorte ei flott og stemningsfull plate.

Høyr ein song frå plata:
<http://soundcloud.com/annjo-k-greenall>

Boktips



Moni Nilsson og
Per Gustavsson
**Kompisen
er for liten**

Samlaget
2012

Vevsidetips



Framtida
www.framtida.no

ER DU PÅ JAKT etter dagsaktuelle tekstar på nynorsk? Då kan vevstaden Framtida vera ein lur stad å leita. Framtida er ei debatt- og nyhendeavis for unge, og ho vert oppdatert med mange nye saker kvar einaste dag. I tillegg til eigenprodusert stoff hentar sida saker frå mange ulike nynorske blad og aviser. Vevsida har dessutan fleire faste spaltistar, inkludert publikumsfavoritten Are Kalvø.

På framsida ligg dei nyaste sakene lett tilgjengeleg. Sakene er kategoriserte innanfor kategoriane *samfunn*, *kultur*, *skule* og *jobb* og *meningar*. Bak Framtida står Landssamanslutninga av nynorsk kommunar, ABC Startsidan, Landslaget for lokalaviser, Pirion, Magasinett og Mot til å meina. Har du *startside.no* som startside, får du opp dei nyaste sakene frå Framtida der.

NO KJEM DEN SØTE svenske barnebokserien om bamsen Kompisen og mennesket hans, Olivia, ut på norsk. Bøkene er omsette av Ragnar Hovland, og fyrste boka i serien handlar om venskap og det å kjenna seg liten.

Du kan lesa meir om bokserien på boktipssida:
<http://www.nynorsk bok.no>

TOSPRÅK OG DANNING

– REVISJONEN AV NORSKLÆREPLANEN I EIT FLEIRSPRÅKPERSPEKTIV
KONFERANSE I OSLO 25. OG 26. OKTOBER

Jan Inge Sørhø · Gunnar Skirbekk
Aud Søyland · Bodil Aurstad · Rolf Theil
Laila Aase · Ingrid Metliaas · Eli Bjørhusdal · Karen Marie Kvaale Garthus
Endre Brunstad · Olemic Thommessen · Arne Torp

www.nynorsksenteret.no/konferanse2012/

Set av datoen!



NYNORSKSENTERET
NASJONALT SENTER FOR NYNORSK I OPPLÆRINGA

Språkrådet

Returadresse: Nynorsksenteret, Høgskulen i Volda, Postboks 500, 6101 Volda



NYNORSKOPPLÆRING kjem med tre nummer i året. Send eit e-brev til ror@hivolda.no for å få bladet gratis i posten.